

Årsmelding Os mållag 2018

Årsmøtet for meldingsåret 2017 blei halde på Os folkebibliotek torsdag 21.03.2018. Til stades var medlemmene i styret: Eldbjørg Kræmmer, Anne Solberg Andersson, Elisabeth Hanstvedt, Målfrid Tveit Vaage og Reidunn Hernes. Det har vore 2 styremøte i meldingsåret.

Styret 2018:

Kontaktperson og postmottakar	Elisabeth Hanstvedt
Kasserar	Eldbjørg Kræmmer
Skrivar	Reidunn Hernes
Styremedlem	Maalfrid Tveit Vaage
Styremedlem	Anne Solberg Andersson

Styret har ingen leiar.

Valnemnd Marie Hauge og Mari Lyssand

Støtte til Jentefotballdag

Os mållag har støtta Jentefotballdagen på Os dei siste åra. Støtta er gjeven med det vilkår at all informasjon om prosjektet skulle vera på nynorsk. Jentefotballdagen er eit gratis tilbod til alle jenter i 1.-4. klasse i Os, og blei i 2018 arrangert for sjette gong. Arrangørane har bestemt seg for å halda fram med å nytta nynorsk i all kommunikasjon rundt arrangementet. Stønaden frå Os mållag har dermed bidrege til at dette positive tiltaket informerer på nynorsk i alle krinsar.

Skulebesøk/føredrag av Sylfest Lomheim på Nore Neset Ungdomsskule

Nore Neset ungdomsskule inviterte Sylfest Lomheim til å komma og halda føredrag for 10. klasse på Nore Neset om nynorsk og om val av målform i vidaregåande skule. Os mållag støtta arrangementet med kr. 1000,-. Det blei eit fint arrangement, som blei referert både i Os og Fusaposten og på Midtsiden. Sylfest Lomheim var i kjend stil spiss i formuleringane, og elevane blei engasjerte.

Bokpakke til barnehagane

Os mållag har hatt som tradisjon å dela ut bokpakkar med nynorske barnebøker til dei ulike barnehagane i bygda. Målfrid Tveit Vaage har hatt ansvaret for dette arbeidet. Bokpakkane blei i 2018 bestilte og leverte frå Samlaget. Vi fekk 55 bøker for 5000 kroner. Dei barnehagane som fekk bokpakke, var Øyane barnehage, Skorvane FUS barnehage (ny), Søre Neset FUS barnehage, Skeisbotn barnehage og Os barnehage. Pakkane blei godt mottekne. Mållaget bør vurderer å be Os og Fusaposten med ved neste korsveg, for å få litt publisitet rundt dette fine tiltaket.

Tiltak for å gjera Os mållag meir synleg

Eit tema som har gått igjen i diskusjonane i Os mållag i 2018, er korleis vi kan gjera mållaget meir synleg i bygda, slik at vi i sin tur kan få fleire medlemmer som kan støtta saka vår. Fleire av sakene vi har arbeidd med dette året har hatt med dette å gjera:

1. Stand på Nynorsk Barnebokfestival

På Nynorsk Barnebokfestival 16. september stod styremedlemmer frå Os mållag på stand på Oseana. I forkant var det kjøpt inn diverse reklamemateriell og banner med logo. Dette utstyret er det meininga at vi skal bruka også ved andre høve der det er naturleg at mållaget viser seg fram.

b. FB-sida

Sjefen for FB-sida vår, Anne Solberg Andersson, arbeider jamt og trutt med å leggja ut aktuelle meldingar relatert til mållagsarbeid. Her blir det med jamne mellomrom lagt ut små dikt, sitat og aktuelle nyheitssaker. Dette er god reklame for mållaget. Vi får her vist fram at vi eksisterer til nye potensielle støttespelarar og medlemmer, og vi kan få på ein enkel og effektiv måte få merksemd rundt saker vi er opptekne av og arbeider med. Vi har for tida 86 personar som følgjer sida vår. Vi har også hatt ein vervekkampanje gåande på desse sidene. Som det går fram av medlemstalet nedanfor, har kampanjen dessverre ikkje ført til auke i medlemstalet.

c. Utlodning av Norsk Barneblad via FB-sida

I haust blei det vedteke på styret si Messenger-gruppe at vi skulle sponsa eit klasesett med Norsk Barneblad til ein skuleklasse på Os, og leggja det ut som ei trekning på FB-sidene våre. Styret vedtok på Messenger at vi ville bruka pengar på dette . Tiltaket blei ein stor suksess, vi fekk mykje blest. 19 tomlar opp, 46 nominasjonar fordelt på 10 barneskular, 5 delingar. Dei som vann, var 3B ved Kuventræ skule, ved lærar Inger Botnevik.

Årsmøte i Hordaland mållag

Hordaland mållag hadde årsmøte på Stord 17. og 18. mars 2018. Os mållag sende Eldbjørg Kræmmer til å representera oss på dette årsmøtet.

Medlemstal

Os mållag hadde 92 betalande medlemmer i 2018. Talet på medlemmer har dermed gått ned med 8 det siste året.

Os, 20.02.2019

Målfrid Tveit Vaage (s)

Anne Solberg Andersson (s) Elisabeth Hanstvedt (s)

Eldbjørg Kræmmer (s)

Reidunn Hernes (s)